

Utval: Kultur- og ressursutvalet
Møtestad: Fylkesutvalssalen, 3. etg., Fylkeshuset
Dato: 01.10.2015
Tidspunkt: 11:00 – 15:10

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Natalie Antonia Golis	Medlem	FL A/R
Anita Garlid Johannessen	Nestleiar	FRP
Svein Halleraker	Medlem	H
Nils Marton Aadland	Medlem	H
Tom Sverre Tomren	Medlem	FL SP/MDG
Anne Beth Njærheim	Leiar	V
Gunnar Bakke	Medlem	FRP
Kristian Helland	Medlem	KRF
Inger Johanne Seim	Medlem	FL A/R

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Marianne Sandahl Bjørøy	Medlem	FL A/R
Siri Klokkestuen	Medlem	FL A/R
Neshe Lie	Medlem	H
Peder Sjø Slettebø	Medlem	H

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Mona Røsvik Strømme	Nesje Lie	H
Øyvind Hardeland	Marianne Sandahl Bjørøy	FL A/R
Stig Morten Frøiland	Siri Klokkestuen	FL A/R

Merknader

Ingen vara kunne møta for Peder Sjø Slettebø

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anna Elisa Tryti	Fylkesdirektør kultur og idrett
Britt-Karen Spjeld	Seksjonsleiar for Idrett og friluftsliv – kultur og idrettsavdelinga
Per Morten Ekerhovd	Fylkesantikvar/seksjonsleiar – kultur og idrettsavdelinga
Tone Stedal Haugland	Seniorrådgjevar Kultur- og idrettsavdelinga
Marianne Ose Askvik	Spesialrådgjevar Kultur- og idrettsavdelinga
Bård Sandal	Fylkesdirektør Regionalavdelinga
Marit Rødseth	Plansjef Regionalavdelinga
Eva Katrine Ritland Taule	Seniorrådgivar Regionalavdelinga
Odd Kenneth Mellingen	Stabssjef – kultur og idrettsavdelinga

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 150/15	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 151/15	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 152/15	Referatsaker (meldingar)		
RS 62/15	Tilbakemelding vedr. PS 60/2015 - Førebels justering av retningsliner til driftsstønad til fylkesfemnande barne- og ungdomsorganisasjonar	2015/898	
RS 63/15	Revidert møteplan 2016 for politiske utval i Hordaland fylkeskommune	2015/5700	
RS 64/15	Invitasjon Osafestivalen	2014/19886	
RS 65/15	Plankonferansen 2015 - program	2015/9523	
PS 153/15	Kunst- og kulturformidling i skulen - Honorar til utøvarar	2015/2548	
PS 154/15	Invitasjon til medlemskap i "Norges Verdensarv". Utfyllande informasjon	2014/15795	
PS 155/15	Den kulturelle spaserstokken - tildelingar 2015	2015/3055	
PS 156/15	Høyring av forslag til plan for kalking av vassdrag i Noreg 2016-2021	2015/7006	
PS 157/15	Søknad om konsesjon for Miljateig kraftverk i Etne kommune. Fråsegn Hordaland fylkeskommune.	2014/24626	
PS 158/15	Fråsegn til høyring av interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland	2014/15614	
PS 159/15	Liland transformatorstasjon i Bergen kommune. Fråsegn til konsesjonssøknad.	2015/9503	
PS 160/15	Forslag om freding av Stødleterrassen i Etne. Høyringsfråsegn	2015/1175	
PS 161/15	Ymse		

PS 150/15 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll i kultur- og ressursutvalet - 01.10.2015

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

PS 151/15 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

Saksprotokoll i kultur- og ressursutvalet - 01.10.2015

Vedtak

Møteboka frå 10.09.2015 vart samrøystes godkjend.

PS 152/15 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i kultur- og ressursutvalet - 01.10.2015

Til RS 63/15 *Revidert møteplan 2016 for politiske utval i Hordaland fylkeskommune* sette Anne-Beth Njærheim fram forslag om at alle møta i underutvala vart haldne i same veke.

Vedtak

Utvalet støtta samla dette forslaget.

RS 62/15 Tilbakemelding vedr. PS 60/2015 - Førebels justering av retningslinjer til driftsstønning til fylkesfemnande barne- og ungdomsorganisasjonar

RS 63/15 Revidert møteplan 2016 for politiske utval i Hordaland fylkeskommune

RS 64/15 Invitasjon Osafestivalen

RS 65/15 Plankonferansen 2015 – program

PS 153/15 Kunst- og kulturformidling i skulen - Honorar til utøvarar

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune aukar satsane for løn og honorar til utøvarar i kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen. Tariffavtale forhandla fram av Musikernes fellesorganisasjon og Rikskonsertane kjem i tillegg.
2. Nye satsar pr 1. august 2015:
 - Løn: kr 2 730,- (pr formidlingsdag), og kr 416,- (pr time for avtalt førearbeid).
 - Honorar: kr 3 508,- (pr formidlingsdag), og kr 534,- (pr time for avtalt førearbeid).
 -
3. Hordaland fylkeskommune tilpassar og implementerar rammeavtalen forhandla fram av Akershus fylkeskommune og kunstnarnettverket.
3. Ny avtale og nye satsar gjeld frå 1. august 2015. Det er ikkje lagt opp til ny justering pr. 1. januar 2016.

Saksprotokoll i kultur- og ressursutvalet - 01.10.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune aukar satsane for løn og honorar til utøvarar i kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen. Tariffavtale forhandla fram av Musikernes fellesorganisasjon og Rikskonsertane kjem i tillegg.
2. Nye satsar pr 1. august 2015:
 - Løn: kr 2 730,- (pr formidlingsdag), og kr 416,- (pr time for avtalt førearbeid).
 - Honorar: kr 3 508,- (pr formidlingsdag), og kr 534,- (pr time for avtalt førearbeid).
 -
3. Hordaland fylkeskommune tilpassar og implementerar rammeavtalen forhandla fram av Akershus fylkeskommune og kunstnarnettverket.
4. Ny avtale og nye satsar gjeld frå 1. august 2015. Det er ikkje lagt opp til ny justering pr. 1. januar 2016.

PS 154/15 Invitasjon til medlemskap i "Norges Verdensarv". Utfyllande informasjon

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune teiknar medlemskap i «Norges Verdensarv»
2. Årleg medlemskontingent på kr 20 000,- vert dekkja innanfor nettoramma til Kultur- og idrettsavdelinga

Saksprotokoll i kultur- og ressursutvalet - 01.10.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune teiknar medlemskap i «Norges Verdensarv»
2. Årleg medlemskontingent på kr 20 000,- vert dekkja innanfor nettoramma til Kultur- og idrettsavdelinga

PS 155/15 Den kulturelle spaserstokken - tildelingar 2015

Forslag til vedtak

Kultur- og ressursutvalet løyver 3 085 000 kroner frå konto 10.400.712.00 Den kulturelle spaserstokken 2015 fordelt slik:

Kommune	Sum
Bergen	1215000
Askøy	95000
Voss	125000
Kvinnherad	140000
Stord	120000
Fjell	90000
Os	110000
Lindås	90000
Kvam	130000
Bømlo	75000
Odda	115000
Osterøy	70000
Vaksdal	64000
Radøy	42000
Meland	40000
Sund	40000
Ullensvang	70000
Etne	58000
Fusa	48000
Sveio	35000
Øygarden	36000
Tysnes	37000
Austrheim	40000
Fitjar	30000
Samnanger	35000
Masfjorden	40000
Ulvik	40000
Jondal	26000
Granvin	29000

Saksprotokoll i kultur- og ressursutvalet - 01.10.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kultur- og ressursutvalet løyver 3 085 000 kroner frå konto 10.400.712.00 Den kulturelle spaserstokken 2015 fordelt slik:

Kommune	Sum
Bergen	1215000
Askøy	95000
Voss	125000
Kvinnherad	140000
Stord	120000
Fjell	90000
Os	110000
Lindås	90000

Kvam	130000
Bømlo	75000
Odda	115000
Osterøy	70000
Vaksdal	64000
Radøy	42000
Meland	40000
Sund	40000
Ullensvang	70000
Etne	58000
Fusa	48000
Sveio	35000
Øygarden	36000
Tysnes	37000
Austrheim	40000
Fitjar	30000
Samnanger	35000
Masfjorden	40000
Ulvik	40000
Jondal	26000
Granvin	29000

PS 156/15 Høyring av forslag til plan for kalking av vassdrag i Noreg 2016-2021

Forslag til vedtak

1. Oppstarta kalkingsprosjektet i Modalselva utegløymt i høyringsutgåva av kalkingsplanen. Kalking av Modalselva er viktig for å bringe laksen tilbake i vassdraget.
2. Eksisterande kalking i Yndesdalsvassdraget i Masfjorden er feilplassert i Sogn og Fjordane i figur på side 18 i høyringsutgåva. Sjølve kalkinga skjer her i Ostavatn i Masfjorden kommune i Hordaland.
3. Budalselva i Modalsvassdraget bør inn i planen som optimaliseringsprosjekt.
4. Hordaland fylkeskommune sluttar seg elles til planen.

Saksprotokoll i kultur- og ressursutvalet - 01.10.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Oppstarta kalkingsprosjektet i Modalselva utegløymt i høyringsutgåva av kalkingsplanen. Kalking av Modalselva er viktig for å bringe laksen tilbake i vassdraget.
2. Eksisterande kalking i Yndesdalsvassdraget i Masfjorden er feilplassert i Sogn og Fjordane i figur på side 18 i høyringsutgåva. Sjølve kalkinga skjer her i Ostavatn i Masfjorden kommune i Hordaland.
3. Budalselva i Modalsvassdraget bør inn i planen som optimaliseringsprosjekt.
4. Hordaland fylkeskommune sluttar seg elles til planen.

PS 157/15 Søknad om konsesjon for Miljateig kraftverk i Etne kommune. Fråsegn Hordaland fylkeskommune.

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune rår til Miljateig kraftverk.
2. Det bør vurderast nivå for minstevassføring som reduserer verknadane for biologisk mangfald i bekkekløfta.
3. Utforminga og anleggsarbeid for røyrgate og kraftstasjon må i minst mogleg grad skape sår i fjordlandskapet.

Saksprotokoll i kultur- og ressursutvalet - 01.10.2015

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av MDG:

- «1. Av omsyn til landskapskvaliteter, naturkvaliteter og samverknader rår Hordaland fylkeskommune frå søknaden om konsesjon for Miljateig kraftverk i Etne kommune.
2. Om det likevel blir gitt konsesjon bør nivå for minstevassføring som reduserer verknadane for biologisk mangfald i bekkekløfta vurderast.
3. Om konsesjon blir gitt må utforminga og anleggsarbeid for røyrgate og kraftstasjon gjerast slik at det skaper minst mogleg sår i fjordlandskapet.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke med 10 røyster mot MDG sitt forslag som fall.

Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune rår til Miljateig kraftverk.
2. Det bør vurderast nivå for minstevassføring som reduserer verknadane for biologisk mangfald i bekkekløfta.
3. Utforminga og anleggsarbeid for røyrgate og kraftstasjon må i minst mogleg grad skape sår i fjordlandskapet.

PS 158/15 Fråsegn til høyring av interkommunal strandsonenplan for Sunnhordland

Forslag til vedtak

1. Framlegg til Interkommunal strandsonenplan for Sunnhordland er eit omfattande og viktig arbeid som skal gi hjelp til kommunane i kunnskapsbasert og heilskapleg planlegging og forvaltning av strandsona. Planframlegget er enno ikkje tilstrekkeleg gjennomarbeidd til å være eit godt reiskap for kommunal planlegging.
2. Planframlegget opnar i for stor grad opp for bygging og fortetting i strandsona utan plankrav og utan at strandsoneverdiane vert sikra. Dette gjeld særleg for fritidsbustader, naust og bryggar. Planframlegget med føresegnar er også uklårt i høve til regionale og nasjonale kulturminneinteresser. Det er difor knytt motsegn til planen.
3. Planframlegget er ikkje i samsvar med forslag til Regional kystsonenplan for Sunnhordland og Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. I prosessen vidare bør dei to planarbeida sameinast slik at den interkommunale planen på ein god måte kan følgje opp regional og statleg politikk for strandsona.

Saksprotokoll i kultur- og ressursutvalet - 01.10.2015

Svein Halleraker, Øyvind Hardeland og Stig Morten Frøiland ønskte at utvalet skulle ta stilling til om dei var ugilde og då dei alle var grunneigarar i det aktuelle området planen omhandla. Alle gjekk frå under behandlinga om gildskap.

Administrasjonen hadde på førehand gjort ei juridisk habilitetsvurdering med utg.pkt. i at dei alle var grunneigarar, og etter ei samla vurdering fann fylkesrådmannen å tilrå at det dei alle var gilde.

Utvalet fann ikkje at nokon av dei var ugilde, og Halleraker, Hardeland og Frøiland trådde inn at i den vidare behandlinga i saka.

Svein Halleraker (H) sette ram slikt forslag til vedtak på vegner av H, Frp, V og Øyvind Hardeland:

- «1. Framlegg til Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland er eit omfattande og viktig arbeid som vil vera eit godt reiskap for kommunal planlegging.
2. Hordaland fylkeskommune rår til at strandsoneplanen vert vedteken slik han ligg føre.
3. Framlegg til Regional kystsoneplan er ikkje i samsvar med Interkommunal strandsoneplan. I prosessen vidare bør dei to planarbeida sameinast slik at strandsoneplanen vert styrande vert styrande for kystsoneplanen i kapitlet som omhandlar strandsona. Dersom det ikkje er mogleg, må kapitlet om strandsona takast ut av kystsoneplanen.
4. Varig verna kulturminne er del av dei enkelte kommunane sine kulturminneplanar. Strandsoneplanen må som alle kommunale planar, ta omsyn til varig verna kulturminne og fastsette vernesonar.

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slik protokollmerknad på vegner av MDG og Krf:

«MDG og Krf er sterkt kritiske til planframlegget som er i strid med regional politikk og statlege planretningslinjer for strandsona.»

Røysting

Halleraker sitt forslag vart vedteke med 8 røyster (H, Frp, V, Øyvind Hardeland og Stig Morten Frøiland) mot fylkesrådmannen sitt forslag som fall.

Vedtak

1. Framlegg til Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland er eit omfattande og viktig arbeid som vil vera eit godt reiskap for kommunal planlegging.
2. Hordaland fylkeskommune rår til at strandsoneplanen vert vedteken slik han ligg føre.
3. Framlegg til Regional kystsoneplan er ikkje i samsvar med Interkommunal strandsoneplan. I prosessen vidare bør dei to planarbeida sameinast slik at strandsoneplanen vert styrande vert styrande for kystsoneplanen i kapitlet som omhandlar strandsona. Dersom det ikkje er mogleg, må kapitlet om strandsona takast ut av kystsoneplanen.
4. Varig verna kulturminne er del av dei enkelte kommunane sine kulturminneplanar. Strandsoneplanen må som alle kommunale planar, ta omsyn til varig verna kulturminne og fastsette vernesonar.

Protokollmerknad frå Tom Sverre Tomren på vegner av MDG og Krf:

MDG og Krf er sterkt kritiske til planframlegget som er i strid med regional politikk og statlege planretningslinjer for strandsona.

PS 159/15 Liland transformatorstasjon i Bergen kommune. Fråsegn til konsesjonssøknad.

Saksprotokoll i kultur- og ressursutvalet - 01.10.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune rår til bygging av Liland transformatorstasjon.
2. Om det syner seg at grenseverdiane for magnetfelt og støy vert overskridne, vil fylkesrådmannen be om avbøtande tiltak slik at grenseverdiane vert haldne.

PS 160/15 Forslag om freding av Stødleterrassen i Etne. Høyringsfråsegn

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Stødleterrassen. Fredinga vil sikra dei nasjonale kulturminneverdiane og samstundes leggja til rette for vidare drift som landbruksområde.
2. Fylkesutvalet ber om at utarbeiding av forvaltingsplanen vert prioritert.
3. Fylkesutvalet ber om at fredinga vert følgt opp med auka fokus på kunnskapsformidling og utvikling av kulturminna i området, i samråd med lokale styresmakter og grunneigarar.

Saksprotokoll i kultur- og ressursutvalet - 01.10.2015

Svein Halleraker (H) sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av H, Frp og V:

- «1. Hordaland fylkeskommune ønskjer ikkje freding av Støleterrassen etter Kulturminnelova.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at plan og bygningslova gir gode verkemiddel for å sikre andre kulturminneinteresser i området, t.d. ved bruk av omsynssonar. Mykje av Støleterrassen er allereie freda gjennom Kulturminnelova.
3. Hordaland fylkeskommune meiner at freding vil føre til innskrenkingar i lokal råderett i høve til i dag, og ei unødig auke av byråkrati i samband med saksbehandling.»

Røysting

Halleraker sitt forslag vart vedteke med 6 røyster (leiar si røyst) mot 6 røyster (A, MDG og Krf).
Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 fekk 6 røyster (A, MDG og Krf) mot 6 røyster (leiar si røyst) og fall.
Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 2 vart samrøystes vedteke.
Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 3 fekk 6 røyster (A, MDG og Krf) mot 6 røyster (leiar si røyst) og fall.

Innstilling

1. Hordaland fylkeskommune ønskjer ikkje freding av Støleterrassen etter Kulturminnelova.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at plan og bygningslova gir gode verkemiddel for å sikre andre kulturminneinteresser i området, t.d. ved bruk av omsynssonar. Mykje av Støleterrassen er allereie freda gjennom Kulturminnelova.
3. Hordaland fylkeskommune meiner at freding vil føre til innskrenkingar i lokal råderett i høve til i dag, og ei unødig auke av byråkrati i samband med saksbehandling.
4. Fylkesutvalet ber om at utarbeiding av forvaltingsplanen vert prioritert.

Saksprotokoll i kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015

Svein Halleraker (H) sette fram slikt forslag til vedtak:

- «Saka vert utsett til neste møte i utvalet, slik at det vert tid til ei synfaring der medlemmane i Fylkesutvalet også vert invitert til å ta del.»

Røysting

Halleraker sitt forslag vart samrøystes vedteke mpt fylkesrådmannen sitt forslag som fall.

Innstilling

Saka vert utsett til neste møte i utvalet, slik at det vert tid til ei synfaring der medlemmane i Fylkesutvalet også vert invitert til å ta del.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 27.08.2015

Det var 14 representantar til stades.

Vedtak

Saka var utsett i kultur- og ressursutvalet, og vart difor ikkje behandla.

PS 161/15 Ymse

Saksprotokoll i kultur- og ressursutvalet - 01.10.2015

Vedtak

Spørsmål frå administrasjonen:

Fylkesdirektør Anna Elisa Tryti ønskte at utvalet sitt novembermøte vart flytta frå 12. til 11. november grunna avvikling av fylkeskulturkonferansen 12. og 13. november, slik at nytt utval ikkje måtte ha utvalsmøte på sjølve konferansen.

Utvalet hadde ingen merknad til at møte i Kultur- og resursutvalet vart endre frå 12. til 11. november 2015.

Fylkesdirektør Anna Elisa Tryti viste til e-post frå BKK om ønskje om å få koma med innlegg i samband med utvalet si behandling av vassforvaltningsplanen i novembermøtet, og ønskte at utvalet tok ei avgjerd i saka.

Utvalet oppmoda BKK til å sende evt. informasjon i saka til utvalsmeldemane direkte, og fann ikkje å imøtekoma BKK sitt ønskje om innlegg i samband med utvalet si behandling av vassforvaltningsplanen.

Informasjon frå fylkesordførar

Fylkesordførar orienterte om meklingsmøte mellom Fylkesmannen, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune i samband med saka om Reguleringsplan for Bergenhus. Møllendal Øst, gnr. 163 bnr. 20 m. fl., Bergen kommune.

Utvalet slutta seg til fylkesordførar sitt forslag om at saka vert sendt over til Kommunal og Moderniseringsdepartementet.